

VARHAUGBUEN

184 ÅR LANG REISE
SIDE 2-5

HUNDREÅRINGEN
SIDE 6-7

HOBBERSTAD POST
SIDE 10

UNGDOMSKLUBBEN SIDE 34-36

FAMILEDAG OG SKUTEFEST SIDE 14-15





FRÅ BRUN MYR OG GRÅSTEIN TIL DET KVITE HUS

Bli med på ei kortlest 184 år lang reise gjennom fleire slektsledd. Turen går frå den aude husmannsplassen Myrane i Uelandsmarka og endar opp i Det kvite hus i Washington.

Det er snart 200 år sidan den vesle sluppen Restauration i 1825 sigla med dei 52 første utvandarane frå Stavanger til Amerika. Om du lurar på kvifor 800.000 personar i åra som følgde utvandra frå Norge til det lova landet i vest, kan me finna nokre svar i Uelandsmarka.

- Nei, dropp joggesko. Du må ha støvlar på føtene der me skal, seier Tarald Ueland, medan han stikk vassflaska si ned i eine sidelommen på den blå ryggsekken sin.

Tarald Ueland er sjølv oppvaksen på Ueland. Etter eit aktivt yrkesliv i bokbransjen i Bergen har han framleis behov for å grava i historia. Nå er planen å finna ut meir om gråsteinsrøysa i Myrane - og å dela det som kjem fram med Varhaugbuen sine leserar.

UNDER VEGS

Den fine dagen sist i juli må vera årets finaste dag på Varhaug. På den vesle

Familien frå Myrane

Rasmus III Ueland var sju år då han reiste frå Myrane til Amerika saman med resten av familien i 1882. Her er Rasmus saman med kona, Anne Maria (Molly) f. Thon, og dei fem barna. Frå venstre; Rudolph, Syl, Mabel, Kermet og Ted. Faksimile frå Jærbladet 13. mars 2002.



parkeringsplassen bak løa på Kloppsteinen på Ueland, stikk sola i nakken og minner turgåarane om å bruka solkrem med betydeleg faktor. Termometeret har bikka tjue grader med god margin. Det vesle turfølgjet legg i veg sørover. Først på ein god markaveg, der svarte Aberdeen Angus-kyr og fleire titals kvite ulldottar av Norsk Kvit Sau har lagt att sine tallause visittkort på grusen. Me passerer to grinder før ferda går vidare frå gruslagd veg til veglause utmarksbeite og myrar. Både marker og myrar er uvanleg tørre. Men her og der plaskar det friskt under støvelsolane, ei stadfesting på at turleiar Tarald er kjent i landet og visste kva terreng me skulle ut i då han tilrådde støvlar.

Ærendet vårt er også kjent på førehand. Me skal som nemnt prøva å finna ein link mellom ein fattigsleg husmannsplass i den snaue og forblåste audemarka på Ueland og verdas maktsentrum, 1600 Pennsylvania Avenue, Det kvite hus i Washington DC.



Syl III

Son til Rasmus III, Syl Ueland var på Ueland og fekk Myrane saman med kona si i 1975. Her er han framme til venstre saman med Tobias I. Ueland (1902-1991). Bak står barnebarnet til Tobias, Arild Idar Ueland. Fotografiet er i Margunn Ueland Sandanger sitt eige.

GRÅ RØYS

Det er langt over havet til Amerika og Washington. Restauration brukte drygt tre månadar på strekninga Stavanger - New York i 1825. Vår reise er kortare. Turen frå Kloppsteinen til Myrane tek ein snau halvtime i bedagelig gangetempo. I juli har graset i markene på Ueland ein frisk grønfarge. Difor er det som på avstand liknar mest på ei grå, mosegrodd steinrøys, lett å få auge på.

Det var om og gjere å reisa løe og hus på ein liten topp i terrenget for å halda vatnet unna for dei som gjennom hundreåra bureiste på Jæren. Terrengtoppen vart kalla ein hodl. Rundt den vesle, steinrike hodelen på Myrane, er det myrar og våtmarker som rår.

Ein bekk sildrar forsiktig i nærleiken. Vassåra er ein del av alle småbekkene som endar opp i Bratlandsåa før endestasjonen i Bodle.

GRATIS STEIN

Steinane til dei lødde murane på Myrane er plukka rett opp frå jorda. Dei to bygningane er bygde før steinbukken vart funnen opp og teken i bruk. Murane er høge, kanskje halvanna meter. Nokre steinar har velta ned, men dei fleste ligg slik dei i si tid vart lødde. Temmeleg sikkert har førefedrane og -mødrene bygd slik for å nytta mest mogleg av den einaste byggematerialen dei hadde i tillegg til torvtuver. Det Jæren mangla av tre vart kompensert med stein. Steinen var gratis, men han kosta i form av brotne bein og utslitne knoklar i rygg, aksler og hofter.

HÅPLAUST Å HALDE VARMEN

Harald Skretting (1917-2016) har laga ei skisse som synar korleis dei to bygningane på Myrane kan ha sett ut. Fjøset og bustaden er bygd i eitt, og ligg lengst mot vest. Under bustaddelen i det kring ni meter lange bygget, ligg ein kjellar. Løa vart truleg nytta til høylager og sauehus. Vêret på Ueland og i heiane på Høg-Jæren er ikkje for folk med tynt skinn og valne fingrar. Ein ting er at dei gisne bygningane har gitt ein slags livd for folk og dyr mot piskande regn og hylande vind. Men å halda varmen i roma der folket budde gjennom vinteren må ha vore eit håplaut prosjekt. «Ikkje rart at fleire av barna døydde i ung alder og at levealderen var låg», skriv Harald Skretting.



Det kvite hus

Foto: Unsplash.

Kjelder:
Tarald Ueland
Tarald Oma
Karl Eik
Torgeir Edland, Gards-
og ættesoga for Hå
Harald Skretting
(Jærbladet)
Slektshistoriewiki
Dagbladet



Litt av murane til våningshuset. Materialen som ligg i den vesle kjellaren, er nok av nyare dato. Kanskje det har vore ei grind som er i ferd med å venda tilbake til naturen. Foto: Karen Ueland.

KOM FRÅ TIME

Me skal langt tilbake. Like til 1837. Det var året då det norske lokaldemokratiet gjorde eit kvantesprang framover med innføring av formannskapslovane. Ute i verda var kanskje største hendinga at Victoria av huset Hannover starta si lange teneste som dronning i Storbritannia og det tilhøyrande imperiet. Dette året kom Inger Jensdotter Fosse (1810-1881) og Rasmus Olsen Lende (1802-1870) vandrane med barneflokk sin til Myrane. Begge var fødde i Time. Inger var frå Fosse. Far hennar var Jens Pedersson Fosse/Ueland (1770-1819). Det er ikkje utenkeleg at Jens er linken til Ueland, som kan forklara korleis Inger frå Fosse og Rasmus frå Lende til slutt enda opp på Myrane.

Me skal ikkje plent gjera historia meir innfløkt, men kan likevel ta med at far til Jens var Peder Olson Erga (ca. 1727-1789). I 1767 kjøpte Peder, saman med Berdines Torland, alle tre kyrkjene i Hå med tilhøyrande jordegods for 600 dalar. Peder må ha vore ein uvanleg forretningsmann. I tillegg til å bygsla (leiga) jord på Ueland, kjøpte han mykje jord fleire stadar på Jæren, mellom anna på Efjestad (Ævest) og på Fosse der barnebarnet Inger vart fødd. Blant etterkomerane til Peder Erga, som me finn på Varhaug i dag, er Leiv Kristian og sonen Kristian Skrettingland på garden Nordre Tjemsland (der du kan kjøpa egg i staburet).

MISTA TO BARN

Tilbake til Inger og Rasmus. Dei to var, i følgje opplysningar frå Tarald Oma i Time Historielag, først busette på garden Storemyr i Time, før dei flytte til Myrane. Storemyr ligg på austsida av Undheimsvegen dryge to kilometer unna Karlsbu i retning

Undheim. Dette var heller ingen velstandsgard på denne tida. Me kan kanskje seia at dei to flytte frå eit fattigmannsbruk til eit anna. Dei vandra forresten ikkje så langt med det vesle dei måtte ha av bagasje og husdyr. I luftline er det kring seks kilometer mellom Storemyr og Myrane.

Inger og Rasmus hadde sju barn. To av dei døydde unge, berre fire og sju år gamle. I vår historie går neste slektsledd vidare med sonen, Rasmus II. Han vart fødd i 1848, etter at foreldra hadde strevd med å få endane til å møtast på Myrane i 11 år. Rasmus II vart gift i 1874 med den sju år eldre Elen Malena Larsdotter Ueland. Medan dei budde på Myrane fekk Elen Malena og Rasmus II fire barn. Eine jenta døydde fire dagar gammal.

SKITTENT OG NÆRINGSFATTIG

Korleis kvardagane var i Uelandsmarka for 170 år sidan er nær umogleg å førestilla seg for oss som lever i dag. Det var skittent og kaldt. Kosten var næringsfattig og skral. Flatbrød, tynn mjølk og salt sild stod på menyen. I tillegg fanga dei nok ål i bekkene og fiska aure i vatna. Hare stod også på menyen. Kanskje hadde dei eit par bitte små kyr og ein okse, nokre få sauer og ein liten flokk med høner.

Overvekt var eit framandord. Folk og dyr trong kvar einaste kalorien som jorda kunne gi. Hest hadde dei neppe råd eller fôr til på Myrane. Her var det verken telefon eller veg. Husa var sjølv sagt utan straum og innlagt vatn. Thomas Alva Edison, som er rekna som oppfinnaren av ei fungerande lypære, var eitt år gammal då Rasmus II kom til verda. Lys fekk dei frå ei trankole eller i beste fall, ei parafinlampe. Vatnet måtte dei henta i bekken. Varmen, torva, måtte dei

spa ut or blaute myra og tørka i løpet av den korte sommaren. Klede og tresko laga dei truleg sjølv. Noko å selja hadde dei neppe. Kanskje gjekk det veker mellom kvar gong dei trefte folk og høyrde nytt. Kyrkje nede på Varhaug-garden var ein sentral møteplass. Når folket på Myrane ville spørja nytt, ha nattverden, døypa eller gravleggja eit barn, var den veglause kyrkjevegen dei måtte traska 7,5 kilometer. Ein veg.

SELDE GARDEN

Kva som har skjedd med eigedommen før familien vendte ryggen til Myrane for godt, er vanskeleg å finne heilt ut av. Torgeir Edland skriv at Rasmus II i 1882 kjøpte Myrane av dei som eigde grunnen for 230 kroner. Kanskje var planen å driva Myrane vidare. Harald Skretting skriv i ein artikkel i Jærbladet at det vart noko ugreie med handelen, utan at det kjem fram kva dette eventuelt var. Tarald Ueland har opplysningar som tyder på at Rasmus II selde både eigedelar og garden på auksjon same året. Garden vart selt for 300 kroner. Kjøpar var Isak Ueland eller far hans, Elling Nilsson Ueland.

TOK MED ETTERNAMNET

Då Elen Malena og Rasmus II steig over landgangen til seglskuta som i 1882 tok dei over Atlanterhavet til Amerika, var det sjuåringen Rasmus III, fireåringen Inger og to år gamle Marta Maria, som følgde mor og far til det nye landet. I reisefølgjet, som budde i vekevis i små krypinn under seglskutedekket, var også syster til Rasmus II, 46 år gamle Bolette. To av brørne til Rasmus II, Jens Reinert og Lauritz, var alt reiste. Det kan sjå ut til at alle dei fem barna til Inger og Rasmus, som levde opp, reiste til Amerika. Eventyrlyst var det neppe som dreiv dei. Det var nok heller nauda. Historia kan vera eit vitnemål i seg sjølv om kor skralt dei hadde det i Uelandsmarka. Om dei ville rista av seg minna om lutfattige kår på Myrane og freista eit nytt liv i Amerika, tok dei likevel etternamnet med seg. I Amerika brukte dei etternamnet Ueland.

TIL MONTANA

Den lange reisa enda for familien Ueland opp i delstaten Montana i ein liten tettstad som heiter Antelope. At plassen er liten, fortel folketeljinga som opplyser om at Antelope hadde 51 innbyggjarar i 2010.

Her på ein farm i Antelope kunne me sagt at vår reise saman med familien på Myrane endar. Men det er litt meir som må med. Det er berre å håpa at du som les orkar litt til. For her kjem ein del namn og årstal: Rasmus III, han som var sju år då dei



Reisefølgje på ekspedisjon til Myrane.

Frå venstre: Jan Stokka, Tarald Ueland, Karl Eik, Torfinn Nærland og Karin Hansen Nærland.

reiste frå Myrane, vart gift med Anne Maria S. «Molly» Thon frå Wisconsin. Foreldra hennar kom frå Nord-Aurdal. Ho var fødd i 1871 og var fire år eldre enn mannen sin. Rasmus døydde i Antelope, Montana i 1944, 69 år gammal. Molly døydde i Nord-Dakota i 1947.

Son til Molly og Rasmus III, Rudolph Martinius Ueland var fødd i Antelope i 1909 og døydde i Portland, Oregon i 1996. Også Rudolph Martinius fann seg ei norskætta kone. Bessie Ueland (1909-1973) sitt jentenamn var Hovdahl. Sonen deira, Robert Milo Ueland (1930-2018), er far til «vår mann», Eric Matthew Ueland.

DET KVITE HUS

Eric M. Ueland er fødd 12. juli 1965 i Portland, Oregon, og representerer siste generasjonen og endestasjonen for vår forteljing. Han er gift og har tre barn. Eric er utdanna jurist og arbeider som politisk rådgjevar på republikansk side. Han blir omtalt som svært kunnskapsrik. Juristen med røter i Myrane på Ueland har gjennom åra hatt ei rekkje jobbar i Senatet. Den kanskje mest prestisjetunge jobben var nok då han var direktør for lovgjevande saker i president Trump sin administrasjon. I følgje ein artikkel i Dagbladet frå 20. april i 2020, vart Eric Ueland omtalt som ein roleg og strategisk aktør for presidenten.

Me veit at Eric Ueland har mykje historiekunnskap. Kva han veit om sin eigen familie sin historie og om Myrane, veit me ikkje. Eric Ueland er ein travel mann. Så langt har me ikkje fått kontakt med han.

Det er langt til Amerika. På mange måtar.

Vil du sjå bilete og finna ut meir om Eric M. Ueland, er det berre å bruke Google og Wikipedia.



Varhaugbuen ved Brit fekk helsa på Molla den store dagen.

EIN FRISK HUNDREÅRING

29. august vart Malena Bratland - eller Molla - som dei fleste av oss kallar henne - 100 år.

Tenk å verta 100år! Dette meinte eg var veldig viktig å få med i Varhaugbuen. Men Molla var ikkje heilt einig med meg; «ho ville ikkje stikka seg fram slik», som ho sa. Men eg lukka berre øyro for dette, og sette i gang med å skriva noko. Molla fekk etterpå lesa gjennom det. Ho retta noko, eg skreiv litt til, og dette vart resultatet som Molla tykte gjekk an:

Molla vart fødd på Ånestad som eldst i ein stor søskenflokk 29. august 1921.

I tillegg til barneskulen på Ånestad (det skulehuset vart rive for fleire år sidan), måtte Molla tidleg læra seg til å ta eit tak heime.

På den tida var det slik at framhaldsskulen var anna-kvart år på Varhaug og det andre på Vigrestad. Det

året Molla var klar for skulen, var den på Vigrestad, og dit reiste dei med tog. Men då som nå hende det ofte at toget vart innstilt av ein eller annan grunn. Då var det kommunen som sytte for at dei kom seg til skulen med bil. Dei som ikkje hadde så lang veg, sykla berre til Vigrestad.

Året etter gjekk Molla på Tryggheim. Seinare gjekk ho på den private handelskulen, Uldahl i Stavanger. Dette var «en meget pen skole», der Molla vart titulert som Frøken Ånestad. Seinare søkte ho jobb i butikken til bokhandlar Bang og Molde AS i Stavanger. Ho hadde gode karakterar å visa fram, men fekk likevel ikkje jobben. Og grunnen til det var at ho snakka landsmål. Snakk om diskriminering! Ein skulle tru at i ein bokhandel hadde dei bruk for både by- og landsmål. Men slik var det berre ikkje den gongen. Reknar med det er annleis nå?

Då skulen var slutt om våren 1940, kom krigen. Mange fekk då arbeidsproblem, akkurat som nå i koronatida, seier Molla.

Som ganske ung arbeidde Molla hos I.T, der ho var både i butikken og inne i huset. Morosamt å tenka på at Molla og i den tida var innom meieriet på Varhaug, der ho i vel vaksen alder var kontor-dame i 10 år. Under krigen arbeidde Molla i forsyningsnemnda i kommunen. Då ho seinare gifta seg med Lars Bratland, slutta ho å arbeida ute. Det var slik den gongen; var du gift - skulle du halde deg heime. Ikkje heilt enkelt å forstå, seier Molla, men slik var det berre.

Det var ikkje heilt enkelt å setja bu i og etter krigsåra. Molla fortel at då ho og Lars skulle forlova seg, måtet dei levera inn andre ting i gull eller sølv til gullsmeden i Stavanger for å få ringar. Då desse var ferdige, og dei skulle ha seg ein bytur for å henta ringane, gjekk flyalarmen då dei steig av toget. Dei måtte saman med andre ned i tilfluktsromet på stasjonen, og der vart dei verande både vel og lenge. Då dei endeleg var vel ute, måtte dei berre ta første toget heim igjen. Gullsmeden hadde nemleg stengt butikken for dagen.

Det nygifte paret, flytta inn i 2. høgda over bakeriet hos Bø, der Lars jobba. Molla fortel om den gode bakelukta som steig opp i husværet deira.

Molla hadde ikkje tenkt seg at det var gardakone ho skulle verta, då ho gifta seg med Lars, som var konditor. Men Lars hadde ein barnlaus morbror med gard på Sæland, så dei overtok denne garden i 1953. Då hadde dei fått 2 gutar, og så fekk dei seinare ei jente på Sæland.

Lars trudde han nå skulle vera fulldags bonde, men etter ei tid sakna kan bakejobben, og starta som konditor på Nærbø handelslag-, der han var til han vart pensjonist.

Det vart nok mange både lange og travle dagar på Sæland då Lars var på arbeid, men Molla hadde vore van med arbeid på garden frå barndommen, så det gjekk seg til etter kvart.



Då sonen seinare tok over garden i 1973, bygde dei seg hus på Høyenfeltet, og der bur Molla framleis. Lars døyde i 2005.

Molla er ei vel oppegående dame, som sjølv tek seg av hus og ein stor hage. I tillegg har ho framleis sertifikat, og køyrer bil. Men eg kjenner mest til Molla frå tida i bygdekvinnelaget, der ho og var leiar i fleire år. Og ikkje minst - nå i seinare tid - som den friske treningsvennen eg står ved sida av i bassenget på Nærbø, der Molla har vore ivrig i mange år. I tillegg til å halda seg i form i hage og basseng, har Molla i alle år - uansett ver - vore ute på ein daglege tur i nærområdet. Dårleg ver er ingen hindring, det er berre å ha gode klede.

Molla seier det er viktig å halda seg i aktivitet. «Alle har me vel vondt ein eller annan stad, men skal ein berre setja seg ned og kjenna etter på «vondtene» då fortære både kropp og sjel seg temmeleg fort».

100 åringar får helsing frå Kongen, og det har Molla og fått, fint underskrive av Harald R.

Varhaugbuen ynskjer Molla til lukke med den store familie feiringa, i Lensmannløa. Eg takker for godt drøs, og ser fram til mange gilde stunder saman i bassenget eller med ein kaffikopp på Høyenfeltet. Liv





HÅ LIONS CLUB

- HVEM ER VI OG HVA GJØR VI?

Beskrivelse fra Lions Norge sin hjemmeside:

Lions er gode venner som hjelper andre, og møter behov i sine lokalsamfunn. Rundt 1,4 millioner medlemmer i over 220 land og geografiske områder deltar aktivt i frivillig arbeid. Vi er alle forskjellige, men vi deler en felles oppfatning - samfunnet er hva vi gjør det til. Når du blir med Lions, blir du med i et globalt nettverk av hjelpende hender.

100% av alt det vi samler inn av midler går direkte til hjelpearbeid; lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Den seneste større hjelpen på kr. 300.000 gikk av katastrofefondet fra Lions Norge til hjelpearbeidet ifm jordskjelvet på Haiti nå i august.

Vi samles 2. tirsdagen hver måned (unntatt juli og august) til sosialt samvær, enten på Jærgarden på Kvalbein hvor, vi ofte har interessante foredragsholdere, eller på utebesøk hos bedrifter som er villige til å ta i mot oss og informere om driften. Vi har også besøkt idrettslag og skoler.

JULENEK

Det som vi bruker mest tid på er julenek-salget. Her er utdrag fra facebooksidene til Hå Lions 23.4.21.: «Nå hadde vi ei veke (sist veke) med kjempegodt

vårvær, og da kribler det i kroppen til alle bønder og de som har hjerte for hage og alt som gror.

Endelig var jorda i perfekt stand til pløying, harving og såing. Då var det ikke feil å tenke på å få såkornet til Lions Hå sine årlige julenek i jorda.

Wegard rigga 2 traktorer til pløying og en på harva, så da var det bare for meg å fylle såmaskinen og sette igang.

Kl 22.00 lørdag kveld var åkeren sådd, og da er det bare å håpe på god spiring, en varm og god sommer og god avling med fine kornband.

Gleder oss og håper på godt resultat ...

Helsing Kåre Qvalbein».

Så nå i skrivende stund er det nært forestående å starte høstingen med sjølbinder. Deretter må nekene tørkes. Etterpå bruker vi et par uker i slutten av oktober hvor vi pakker nekene i passe størrelser og selve salget vil foregå før 1. søndag i advent.

STØTTE TIL DE GAMLE

I år har vi også gitt et par smart-tv'er til henholdsvis Klokkehagen og Olsvoll, slik at de kan både se fjernsyn og også vise bilder fra både gamle og nye dager. I tillegg til «youtube» og «spotify» med god musikk.



COVID 19

Her har vi stilt med mange vakter for å hjelpe til med vaksineringen i Hå kommune.

TURLØYPER

Kjell Flåten er medlem og en ivrig turgåer. Han har i den forbindelse fått flere oppdrag fra Hå kommune om merking og fiksing av turløyper. Her har vi stilt med mannskap og fikset turløyper fra Hå gamle prestegard til Varhaug gamle kyrkje, turløyper til Grønåsen, Smøråsen og Borgåsen. Videre er det kommet en del reparasjoner på løypene fra Holmavatn - Synesvarden - Steinkjerringa - Holmavatn.

TULIPANAKSJONEN

Tulipanaksjonen LC Hå 2021

Klipp fra Lions i Hå si Facebook-side:

«Allerede klokka 08.00 22.4. var fleire av våre medlemmer samla på Bryne for å ta imot paller med tulipaner som skulle leverast ut til bedrifter i kommunen. På førehand hadde ein god gjeng medlemmer stått for telefonsalg til lokale bedrifter som i fleire år har vore flittige kjøpere og støtta «Lions Tulipanaksjon».

Midla som vert samla inn i «Tulipanaksjonen» er øymerke arbeid for barn og unge, spesielt retta mot forebygging av rus og narkotika. Vårt motto er «Det er lettere å bygge barn enn å reparere voksne». I år blir det ny salgsrekord, og når alle er ferdige med kjøreruta si har me levert ut 650 buketter. Ein stor takk til både kjøpere og medlemmer for gode bidrag, og eit resultat som me er svært godt fornøyde med.



Lokalt her i Hå har me i LC Hå bidrege med mykje av midla til « MITT VALG» som er eit «Livsmestrings-program» som blir tilbudt skuler, barnehager og idrettslag, samt støtte til ungdomsklubbane der me også stiller med voksevakter både ute og inne».

FADDERORDNING

Lions Hå har vært medlem av fadderordning i Lions Norge over flere år, men har nå valgt å støtte navngitte barn fra og med i år.

Fadderordningen innebærer i all hovedsak å sikre barna en utdanning.

Våre 3 fadderbarn er alle fra Uganda og det er Divine Nakimuli, jente på 12 år fra Nsambya, Caroline Namale, jente på 15 år fra Kibutu og Shadia Nanono, jente på 16 år fra Magere.

LIONS RØDE FJÆR

Hvert femte år arrangeres en større innsamlingsaksjon. Tidligere aksjoner har etablert institusjoner som Beitostølen Helsesportsenter, Evenes Blindesenter, Valnesfjord Helsesportsenter, Hauglandsenteret og Montebellosenteret.

Denne bøsseinnsamlingen/digitalinnsamling vil foregå 11.-13. februar neste år.

Tross utsettelse av aksjonen er det ingen tvil om at innsamlingsmålet står fast. Vi skal samle inn 50 millioner kroner til Beitostølen Helsesportsenter, og hvor de innsamlede pengene skal gå til et nytt familie- og kompetansehus.

Torodd

POSTÅPNERIET PÅ HOBBERSTAD

Det var Stavanger som var hovedsete for posten på Jæren, men det vart etter kvart postkontor rundt i andre byar i området og på bygdene rundt. Hallvard Slettebø og andre filatelistar har samla poststempel frå heile Rogaland i boka «Poststemplene i Rogaland, 1848 - 1969», mykje av informasjonen i denne artikkelen, er henta frå boka som vart utgitt i 2004.

Haa Poståpneri vart oppretta 1. januar i 1847 og vart plassert på Hobberstad som var lensmannsgard og skyss-stasjon. Det var først i 1883 at poståpneriet vart flytta til jernbanestasjonen på Vahaug. I heile denne perioden vart det nytta tre-ring stempelet nummer 96, Haa (1856 til 1870), eller stempel HAA (1859 til 1883).

På Sannæs vart poståpneri oppretta 1. juli 1849. Frå 1855 vart navnet Sandnæs oftast nytta.

Det er interessant at Thime Poståpneri først vart opna på Mossige 1. februar 1859, mange år seinare enn på Hobberstad. Thime Poståpneri vart flytta frå Mossige til Thime i 1861 og i 1866 til Norheim, først i 1883 vart poståpneriet flytta til jernbanestasjonen.

Klep Poståpneri vart oppretta i 1860, men stempel vart ikkje utsedt før i 1876. Navnet vart endra til Kleppe i 1898.



Figur 1 til 4: Frimerke stempla på Hobberstad. 1) Noreg, frimerke nummer 1 stempla nummer 96, Haa, 2) Noreg nummer 2 stempla 96, Haa, 3) Noreg nummer to, stempla HAA. 4) eit seinare frimerke, eit av dei siste som var stempla HAA på Hobberstad. (Figurane 2,3 og 4 er henta frå nettet).

Ove Tobias Gudmestad, august 2021

Og kva med dei andre bygdene i Hå kommune? Agne Poståpneri vart oppretta 1. juli 1861. Frå 1872 skreiv dei Ogne. På Vigrestad vart det opretta poståpneri 1. oktober 1879, same dag som på Nærbø. I 1903 då det vart oppretta poståpneri på Bru og brevhus i Store Sirevaag.

STEMPLA PÅ FRIMERKA

Det første norske frimerket i Noreg vart gitt ut i 1855, det viste Det Norske Riksvåpenet utan navnet på landet. Alle som har samla frimerke, «må ha» ein original av Noreg nummer 1. Merket er utagga og det bør vera breie margar på flotte eksemplar. Eg har eit merke stempla i heimkommunen med stempel nummer 96, Haa, Figur 1. Dette stempelet vart nytta mellom 1856 og 1870.

Det neste norske frimerket kom i 1856/57. Sidan det viste kongen som heldt til i Stockholm, måtte namnet Norge sjølv sagt komma med. Eg tek med ein kopi eg har funne på nettet; stempla nummer 96, Haa, Figur 2. Men sidan Hobberstad fekk stempel med namet HAA allereie i 1859 vart det også nytta dato stempel med navn, og på nettet har eg og funne eit merke med datostempel, 1862, figur 3.

Haa stempelet vart nytta heilt fram til 1883 sidan posten då vart flytta til jernbaestasjonen på Vahaug 15. juli 1883. Eit merke med stempel HAA frå 1883 er vist på figur 4, det er eit av dei siste frimerka vi har som er stempla på Hobberstad. Stempelet HAA vart sendt tilbake til Oslo i november 1883 og då fekk Varhaug eige stempel.

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er det litt etter litt noko som skjer på misjonshuset. «Vi over 60» starta opp etter coronapausen 18. august. Open barnehage er i gang att i matsalen etter at den òg hadde pause medan Hå kommune hadde dei strengaste coronatiltaka. Og elles startar det opp litt etter litt.

Årsmøtet for misjonshuset vart utsett til 30. september. Noko av årsaka er at styret for misjonshuset ser på noko ombygging av lokala utafor møtesalen. Ein ynskjer få til eit «mingleområde» og då må ein og sjå på løysing for ny lagerplass. Eit forslag frå Bettikon ynskjer styret skal drøftast på organisasjonane sine årsmøte før årsmøtet for misjonshuset. Då kan styret på årsmøtet til misjonshuset legge fram forslag til igangsetting av slikt arbeid. Teikningane er lagt ut på misjonshuset si heimeside. Det inneheld meir enn «mingleområdet», men i første omgang er det 1. etasje og påbygg for betre lager som skal handsamast.

Styret har sett på muligheten av å få momsrefusjon. Då viser det seg at organisasjonsformen er avgjerande. For å få momsrefusjon må ein vere tilslutta frivillighetsregisteret. Og det kan ikkje ein organisasjon som er registrert som sameige slik misjonshuset er no. For å få momsrefusjon må difor organisasjonsforma for misjonshuset verte endre. Og då må eierskap og lovar verte endra. Dette må takast opp på dei ulike årsmøta før misjonshusets årsmøte..

Møteveker, gudstenester, basrar og SUNDAG starter opp att. Og planlegging av julemessene er i gang. Og no etter at coronapandemien er på retur og landet er opna opp til nivå 3, er det flere selskap, bryllup og konfirmasjonsfestar aom vert arrangerte på misjonshuset.

Kulturskulen har pianoøvingar, og fysioterapien har gruppetreningar på misjonshuset,

Det nærmer seg normaltillstand!

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internet: http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



FRÅ REDAKSJONEN

Rart å tenka på at eg i over femti år har budd på den garden der det første postkontoret på Jæren var. Ja, til og med før det var slikt kontor på Bryne og Sandnes! «Dæ æ helste litt bøsse».

I tillegg til Oslo-turen eg har skrive om, hadde eg ein fin 5 dages tur til Krakow, medan Odd har jobba med bladet.

Eg leverte kladden før eg reiste, så det var berre litt justering og rettingar då eg kom heim. Det var ein fin og gild tur, men me hadde ikkje det beste veret. Det var mykje finare her heime. Men litt regn skremmer ikkje damene frå Jæren, og me hadde mange flotte opplevingar. Eg hadde vore i Krakow 2 gonger før, men eg kan godt reisa tilbake dit ein annan gong og.

Stor takk til alle som har sendt inn både stoff og bilde. Det er stoffet frå dykk saman med det eg finn på sjølv, som gir bladet mangfald. Tykte og eg måtte få med litt frå «Tour of Norway 2021» i bladet. Det er jo ikkje kvar dag at Alexander Kristoff og verdenseliten gjestar Varhaug Liv



DEN NYE APOTEKAREN

Då eg vaks opp, var apotekaren oftast ein eldre mann. Slik er det ikkje nå for tida. Nerissa Rae, 37 år og busett i Egersund saman med mannen, er nå dagleg leiar eller apotekar på Vitus apotek Jæren på Varhaug. Kanskje er det einkvan som kjenner henne frå tidlegare? Ho var nemleg her då Suban starta apoteket i Stuelandbygget, og arbeide hos han i 2015-2017.

Så tok ho ein pause i jobben, for å ta ei 2-årig mastergrad i farmasi ved NTNU i Trondheim. Nå er ho tilbake - som sjef.

Då ho kom tilbake, oppdaga ho at ein del av dei faste kundane ikkje var der lenger. Ved å spørja seg rundt, fekk ho vita at folk hadde opplevd dårleg service ved apoteket. Dette vart ho veldig lei seg for, og seier: «Er det noko de er misnøgd med, kom endeleg til meg og fortel det. Eg er til for dykk, og eg vil gjerne ha eit godt forhold til kundane på Varhaug. Av og ting kan det vel henda at noko skjer feil, men det vil me retta opp i så fort me kan, og me er her for å gjera det beste me kan for kundane våre».

Varhaugbuen var heldig, og fekk snakka med henne like før ho tok ferie. Ho fortel at grunnen til at ho ynskta å koma tilbake til Varhaug, var at her hadde ho møtt mange hyggelige menneske som ho hadde hatt eit godt forhold til, og som hadde gjort arbeidsdagen triveleg.

Ho fortel at ho lenge har prøvd å få tak i ein norsk provisor. Ho hadde fått napp og, men dei ville berre ikkje til Varhaug. Dei ana ingen ting om staden, dei hadde berre køyrt forbi med tog, og Varhaug hadde sett nitrist ut. Nelissa vart veldig lei for at dette synet var avgjerande, og hadde prøvd å fortelja kor godt og gildt det var å arbeida her. Slik er stoda nå, men Nelissa lever framleis i håpet om ein norsk provisor!

Eg ynskjer henne ein god ferie, og takkar for drøset. Som «vikar» er Suban tilbake igjen. Han reknar eg med det er fleire som kjenner igjen. Det var han

som starta apoteket i 2015, og han tykte det var veldig gildt å vera på Varhaug igjen. Nå arbeidar han meir «fri-lanse», og er litt både her og der på ymse apotek, så me kjem nok til å møta han fleire gonger på Varhaug. Og det ser han fram til, for han stortreivs på Varhaug, både med jobben og kundane. (Høyrdes mest ut som han trega at han drog herifrå?)

Eg har alltid vore nøgd med servicen på apoteket, men så har det heller ikkje - heldigvis - vore bruk for dei så ofte. Men eg tykkjer det er viktig å støtta opp om dei butikkane me har her på Varhaug, så dei ikkje forsvinn for oss. Men at folk ikkje ville koma til Varhaug fordi det såg nitrist ut, det tykte eg var leit. Håper det synet vert annleis, når me ein gong får skikk på sentrum. Liv



PÅ TUR MED SYKKEL OG KAMERA

Me har hatt ein fantastisk fin sommar der eg nesten ikkje har vore i hus, noko som syner att på både det eine og det andre, utan at eg skal greie ut om det. For det meste går det i hagearbeid eller ein sykkeltur rundt om i distriktet. Rett nok har det blese mykje og motvinden kan vera strie, men eg står på som best eg kan. Må ut og nyte alt det fine som vekst i naturen. Me er heldige her på Jæren som har så mange ulike vegar å velje mellom, og her er mykje spennande i naturen.



For fleire år sidan oppdaga eg myrhatt på Ueland. Etterpå grev dei og dyrka der eg hadde sett den. Men så i sommar på ein tur opp Buevegen såg eg noko raudt i vegkanten. Var det myrhatt? Eg stoppa ikkje for eg hadde god fart. Men nokre dagar seinare tok eg ein ny tur, og komen opp til Sauatjørna svinga eg inn på ein liten vegstubb der eg ikkje har vore før. Der vart eg møtt av rasande måkar som helst ville fyke i hovudet på meg. Heldigvis hadde eg hjelm på meg. Og litt lenger framme var det ein måkeunge og ein eggeskott. Ikkje rart dei var rasande. Ungen forsvann og gøymde seg, så den såg eg ikkje meir til. Men så oppdaga eg myrhatt. Det vart berre nokre mobilbiler før eg for vidare. Litt lenger oppe var det myrhatt i vegkanten. Dermed måtte eg endå ein tur oppover og ha med kamera slik at eg kunne ta skikkelege

bileter. Også då vart eg møtt av rasande måkar. Men det gjekk godt. Og eg hadde fine turar om Skjæret og Undheim.

I slutten av juli tok eg fram det stora motet og ville prøva meg opp Stølane frå Efestad og opp til Håland. På Sør-Tjemsland har dei greve ei stor grøft, og i sporet etter den vaks det masse ryllik. Eg trur aldri eg har sett så mykje ryllik på ein plass før. Så eg måtte berre stoppe og fotografere. Og der kom det susande nedover ein gjeng med syklistar på tur. Så då var det berre for meg å pese oppover. Det gjekk i år og. Med stort mot tok i like godt fatt resten av vegen oppover mot Elgane og over Ueland. Etterpå kunne eg berre trille nedover like til Prestakrysset. Ja, ja, litt måtte eg

trø, men ikkje mykje.

Eg har hatt fleire fine turar til Sirevåg. Først ein søndag.

Eg tok ein liten avstikkar og oppdaga ein plante eg ikkje hadde sett før. Den var i knopp nå. Så dermed måtte eg ein ny tur, og var heldig og fann

mange. Eg fotograferte og så var det heim og sjå i boka (Blømande Jærestrender av Harald Vik-Mo). Det var sandvintergrøn, ein skjeldan blom som her i Noreg visstnok berre veks i dei kalkrike sanddynene på Jæren.

Nokre veker seinare var det ny tur. Då oppdaga eg endå ein eg ikkje har sett før. Fant ut at det var Jærflangre, ein orkide som også berre veks i sanddynene på Jæren. Begge desse er sterkt truga. Dette er skikkeleg spennande. Eg skulle eigentleg hatt ein tur til Sirevåg kvar veke for å oppdaga den og den planten i rett tid. For dei blømer i ulike fasar alt etter kva månad me er i. Slik er jo heile naturen. Det er det som gjer det heile så spennande. Skiftingane i naturen gjev livet farge.

Brit Obrestad

SpareBank
SR-BANK 1
Sammen får vi ting til å skje.



FAMILIEDAG OG SEILSKUTEFEST I SIREVÅG HAVN



SKUTEBESØK

Fredag 6. august fikk Sirevåg havn og Hå kommune besøk av NRK og Norges største seilskute Statsraad Lehmkuhl. Anløpet var en del av NRK-satsingen «Sommerskuta minutt for minutt». Dette var femte gang Sirevåg havn var vertskap for store seilskuter. Tre ganger har Tall Ships Race vært innom med flere av de deltakende skutene, og i 2017 feiret vi 80-årsdagen til Christian Radich.

MYE ARBEID

Hå kommune og Sirevåg velforening var svært glade for at vi endelig kunne invitere til folkefest i Sirevåg igjen. Etter hvert har vi blitt erfarne arrangører, men det var første gang vi laget innbyggerfest under korona, så det ble ekstra mye planlegging og mange krefter i sving for å hale arrangementet i land.

SMITTEVERN

For å organisere familiedagen på en smittevern-messig trygg måte måtte vi dele inn publikum i ulike kohorter. Koronasertifikat og hurtigtesting gjorde at vi kunne ha litt flere folk inne på arrangementsområdet ved Vågen. 600 personer fikk delta på hovedarrangementet.

FAMILIEDAG I SIREVÅG 6. AUGUST

Sommerbåtkomiteen, frivillige fra Sirevåg velforening og Bryggeslengen stod for informasjon, vakthold, rydding og rigging. Varhaug ungdomslag satte radig opp alle de solide teltene som vi hadde fått leid fra Varhaug sentrumsforening.

Det ble en flott dag med sol og sommer, liv og røre i havna. På programmet stod matboder, og kulturinnslag og aktiviteter i indre vågen. Statsraad Lehmkuhls innseiling var det store høydepunktet.

SOMMERSKOLE

Imponerende innsats ble lagt ned av ledere og instruktører på Hå kommunes sommerskole, som også ville bli med å markere sommerskutas besøk. Sommerskolen samlet alle sine lærerike og kjekke aktiviteter for barn og unge i alderen 4. klasse til 18 år i Sirevåg havn.

Ungdommer, kunstnere og ungdomsarbeidere samarbeidet om å lage et bredt spekter av aktiviteter: RC-biler, vinyltrykk på t-skjorte, klister, lage button på buttonmaskin basert på egne tegninger, slush-maskin, SUP, perling av armbånd, fotballradar/drusemål med konkurranse, keramikkverksted med kunstner Anne Marit Opstad, kunstverksted med kunstner Kirsten Opstad, Pizzakurs med kokk Heidi Netland Berge og matstasjon med lapskaus.



Fin rasteplass for bilde folk

LOKAL MAT

R. Skretting, Ystepikene, Joker Ogn, Svingen Grill, Nyyt og krabbefiskeren Lucas Leithe Fjeldskår solgte god lokal mat av mange slag på hovedarrangementet.

AKTIVITETER OG MASKOTTER

Noen lokale ungdommer fra «Ung i juli» lokket de mindre barna til lykkehjul, stempeltattovering og fiske i «andedam». Andre ungdommer jobbet som maskotter. Utkledde som maneter, krabbe og hummer spredde smil, glede og latter blant små og store.

SCENEPROGRAM

Det var god stemning og folk benket seg foran scenen fra tidlig på ettermiddagen. Produsent og konferansier Martin Våland fra Jærlyd presenterte et flott og variert sceneprogram:

Flere barn og unge fra Hå kulturskule deltok i underholdningen:

Amalie Elise Grinde Pedersen (13 år, Ogn). Låt: Arcade.

Amalie Lode (17 år, Nærbø). Låt: Scars to your beautiful».

Sjur Grov-Hagen (14 år, Nærbø). Låt: Brevdue Othelia Fuglestad (11år, Brusand). Låt: Complicated Leo Madland (10 år, Varhaug) med faren Richard Madland. Låt: Leap of Faith.

Konsertinnslag fra lokale band:

Hårock

Sydvesten Toraderlag

Jærrock

Dag & Stasjonsungane

Jarle Obrestad m/Band

STRABASIØST TUR OG VARM VELKOMST

Mens det var lunt og fint vær inne i Sirevåg havn basket skuta og mannskapet med sterk vind langs

jærkysten. Skuta ble en time forsinket, men all venting var glemt når den flotte tremastede stålbarken kom til syne ved moloen.

Folk fra fjern og nær var møtt opp for å møte skuta med flagg og applaus. Opp mot 500 tok imot skuta på fryselagerkaien og mange andre vinket med lys og flagg fra knauser og klipper langs Hå kommunes lange kystlinje.

Kvelden ble avrundet av mannskap og medseilere på skuta som takket Sirevåg for varm velkomst med shanty-konsert fra dekk.

STREAMING OG KORTFILM

Hå kommune har fått laget streamingprogram og kortfilm fra familiedag og seilskutefest i Sirevåg 6. august som du kan se Hå kommunes youtubekanal. <https://youtu.be/Ise7UAFR6Dw>

SEILSKUTA STATSRAAD LEHMKUHL

Les mer om seilskuta her: <https://lehmkuhl.no>



Sommerbåtkomiteen er klar for skutebesøk og familiefest



GÅ-TUR MED VARHAUG BYGDEKVINNELAG TIL RENNESØYHODNET

Mandag 30. august møtte 15 spreke damer på Esso med avgang kl 10 med Vigrestad Buss til Rennesøy. Kvelden før hadde me fått ein rebus for å finna ut kor me skulle reisa, og me dro på veg mot «Hjelpemiddel til gåtur+trega». Etter diverse tunneller skulle me svinga til «Bukt+e+havn». Bussen kjørte opp ein ganske så smal veg der me enda på starten til gåturen, «Sjødyr» som var Sel.

Skodda som me starta i på Varhaug, var ikkje mindre då me kom til Rennesøy, så me varma opp med litt trim på parkeringsplassen for å få gang på kroppen etter ein times biltur.

Turvegen oppover var flott, med mykje steinheller på stien, så det gjekk ganske så radig oppover.

God temperatur gjorde turen behageleg, sjølv om me ikkje fekk den utsikta me hadde planlagt til alle øyer og stader rundt. Flott landskap å gå i, og innimellom fekk me glimt av sjøen rundt.

Me tok ein mat- og kaffistopp rett før me klatra opp på «Ake+s+plass i havet+stadnamn i Klepp».

Flott på toppen der me var heldige å få sjå ned til «Retning+bueinheit+bukt» der Oddbjørg hadde bestilt middag. Edeplassen var «Salt vatn+knaus+5 vek-er+handleplass»

Sjøberg feriesenter var ein idyllisk plass heilt ned i sjøkanten, og nå kom sola stikkande fram. Alle hadde hatt ein gild dag og tur, og takker Oddbjørg for god planlegging.

Det smaka godt med middagen som var «ikkje fjåg+st+tresort». Til dessert karamellpudding og kaffi.

Inger Haugstad

ÅRSMØTE

Bygdekvinnelaget har årsmøte torsdag **30. september**. Vanlege årsmøtesaker. Ønsketransporten kjem

Møte 28. oktober:

Jordmor Grete Marie Aanestad kjem og tek i mot babyteppene til prematuravdelinga på sjukehuset.

Møte 25. november:

Heidi Berge Netland kjem.



HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845. Spelekveldane vart for det meste avlyste grunna Corona på våren, men no må me koma igong att.

Me må nok fortsette med spriting av hender og vasking av bord og stolar etter bruk.

Hå meisterskapen vert laurdag 30. oktober.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

**Skolesjakksamling på Varhaug:
HÅ-mesterskap i sjakk
Lørdag 30. oktober 2021 kl 1000-1400**

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Med smittevernplan mot Corona.

Men etter innskjerping av smittevernreglane fann me at me måtta halda opp med speling og i 2021 har det vore heilt stopp før sommaren.

Landsturnering med ymse hurtig- og lynsjakkturneringar vart avlyst i år også.

Klubben starta no opp 25. August. Programmet er ikkje klart enno, men det vil bli ulike korte turneringar og kanskje nokre kvelder med langsjakk der en har 90 minutt pluss 30 sekund per trekk.

Velkomen til sjakk på Brne.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Øg klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltebelysning. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmøling av fjøs.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com





PAINTBALL I INDREBØ

I lag med dei andre 4H klubbane i Hå så var svara 4H på paintball i Indrebøskogen. Me delte opp i lag på 6 personer. Så var me nok til å ha 5 lag totalt. Me hadde 3 menn som stod og fylte på paintballgeværa imellom kvar kamp og me delte koronavenlig på utstyret. Kampene blei sett i gang og fordelt så alle fekk spela minst ei gong mot alle dei andre laga. Kvar lag begynte på kvar si side av skogen, og så var der om å gjera å ta flagget til motstandarane.

Det var ein kul aktivitet som var ein fin suksess innanfor klubben. Me storkoste osse og spelte masse bra kampar.

Live Skretting.



VARHAUG PENSJONISTLAG PÅ TUR TIL FLOR OG FJÆRE 16. AUGUST

50 pensjonister var på kjempeflott tur til Sør-Hidle og Flor og Fjære mandag 16. august. Vigrestad Buss og sjåfør Olger henta oss på Varhaug, og me tok Nordsjøvegen inn. Veret var heilt nydeleg og me fekk sjå både Feistein og Orrevatnet på veg inn. Me kjørte så eine Ryfast tunnelen til Hundvåg og ein liten omvising, før me tok brua tilbake til kaien og båten som skulle bringa oss inn til hagen.

For ei blomsterprakt og fargehav som venta oss. Flott og engasjert guiding av den yngre garde som driv nå. Omvising ved alle vannbassenga, strendene og hagane dei har. Kwart år grev dei ut eit vannbasseng for å samle regnvatn, og er snart sjølforsynt med både vatn og straum inne på øya. 4000 m² drivhus var bygt denne sesongen, og palmer og andre planter treng ikkje lenger fraktast til Jåttå for vinterlagring. Alle dei 50.000 sumarblomar som vert planta ut i hagen, er og dette året dyrka på øya. Heile hagen med palmer, kaktus, roser, flotte tre, fargesprakande blomeprakt, flotte plener og skinande, blanke hagemøbler er bare et utruleg overveldande flott syn. Og i strålende sol vert alt ekstra fint.

Etter omvising blei me servert nydeleg middag med brød, fiskesuppe, og hovedrett av indrefilet frå okse og sau, med poteter, fenikkel og paprika og nydeleg fløtesaus. Etterpå kaffi, og is servert ute. Den nederlandske kokken Andre er like morosam kvar gong, så me fekk le godt av hans historier.

Historien om hagen starta i 1965 då Åsmund og Else Bryn kjøpte ei hyttetomt på 5 mål på Sør-Hidle, og bygde seg hytte. Dei dreiv gartneri på Jåtten, og i 1987 begynte Åsmund å planta på området. Dei planta ut 3000 tre for å få livd for nordavinden, og i 1995 åpna sonen Olav og kona Siri restaurant då det blei behov for servering. Nå er plassen på 50 mål, og det er tredje generasjon som driv.



Endre og Hanne Hidlefjord. Dei planlegg kvart år nye utvidingar og nye hager. Neste år satser dei på å legge solpanel på den delen av taket i drivhuset som ikkje er glas, og vil åpne opp drivhuset mot hagen. Besøkande skal kunne gå ein runde der inne, og på sikt vil dei kanskje flytte restauranten opp der. 35.000 besøkande er der nå kvart år, men parken er bare åpen 5 månader i året.

Heile turen var ein flott opplevelse for alle! Turen var gjort mulig med midler fra Statsforvalteren, administrert av Pensjonistforbundet Rogaland. Me takker!

Inger Haugstad



Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no



KVEN HAR ANSVARET?

Kven har sprøyt rosebusken, som i alle år har pryda inngangen til den gamle kyrkjegarden på Varhaug. Me reknar med at det er vorte sprøyt, for nå er det ingen roser, berre noko visna graps. Folk som liker å berre gå tur dit, har ergra seg over dette, og spurt både kommunen og kyrkjekontoret kvifor det ser slik ut, men ingen av dei hadde ansvaret for dette. Nå har fleire vendt seg til Varhaugbuen. Kanskje kan dei nå få vita kvifor det denne sommaren ser så stygt ved inngangen til kyrkjegarden?

Så eit spørsmål til her. På grava til dei russiske sjøfolka frå Ingermanland er det fine blommar. Det same kan ein ikkje seia om det som er skrive på steinen, det er omtrent uleselig. Kven er det som har ansvaret her? Liv



EIN BYTUR I AUGUST

Eg hadde eit nødvendig ærend til Stavanger i august, akkurat då det var buss for tog. Sjølv om eg ikkje hadde time i byen før 14.30, reiste eg inn med kvart på tolv toget, som var det siste som gjekk før bussane tok over. Då hadde eg god tid i byen til berre rusla å rundt og beundra alle dei flotte blomane som var planta både her og der. Veret var ikkje akkurat det beste, men eg vart i godlag berre av å sjå på alle dei flotte fargane på blomane.

Tykkjer ikkje me har hatt for mykje av blomearrangement i sentrum av Varhaug i sommar. Kanskje er det difor einkvan har plassert krus med blommar i stengslet, som Terje Haugseng har sett framføre det knuste vindaug i det gamle huset til Olav Skretting? «Me får pynta litt opp der me kan»? Liv



MATPAUSE HOS OLE G.

Denne trivslege gjengen møtte er på her ein dag eg gjekk ned til stasjonen. Dei fortalde at det var mange år sidan dei hadde fått bord og benk framføre bygget, og var det høveleg ver, så tok dei alltid lunsjen ute. Eg spurde om det var ok om eg tok eit bilde til Varhaugbuen, og det fekk eg lov til. Men brått dura klokka inne. Matpausen var over, og dei måtte inn att til arbeidet. Eg takka for drøset, og for vidare på mi ferd mot stasjonen. Tykte det var eit gildt innslag på stasjonsturen min. Liv

LEFSE-FLATBRØDKURS

Er du ungdom mellom 16 og 40, og har lyst til å lære å baka lefse og flatbrød?

Varhaug bygdekvinnelag har kurs tysdag 5. og 12. oktober på Varhaug ungdomsskule kl. 19.00.

Kursa er spona av Gjensidigestiftelsen til prosjektet «Bygdekvinne deler matglade» og altså eit gratis kurs!

Me kan berre vera 6 kvar gong - så første mann til mølla ...

Påmelding til Bjørg Reime Håland telefon 41 23 17 32 innan 20. september.

KLAR FOR Å TA VARE PÅ DINE
øyeblikk?



NOE GODT KOM UT AV KORONAEN

September 2020 var det flere som ble permitterte i landet, jeg ble en av de grunnet koronakrisen. Hjemme med minstemann måtte jeg finne på noe i denne perioden. Siw Helen Bø heter jeg, og bestemte meg for å ta steget mot fotograferingen. Siden jeg alltid har hatt lyst til å kunne fotografere, ble jeg stadig mer innstilt på å få dette til, dess mer jeg fordypet meg i fotografien.

Resultatet ble SHB foto i mars 2021, og garagen ble gjort om til lyst og fint fotostudio. Fordi om jeg nå er tilbake fulltid på Jærprint igjen (der jeg har vært "stand in" og laget Varhaugbuen før), så fotograferer jeg kvelder og helger i tillegg. Angrer ikke på valget i det hele tatt og er blitt veldig engasjert fotograf, som brenner for at alle skal få få varme og ekte minner til album eller vegg. Spør meg gjerne!

Vil og bare legge til hvor takknemlig jeg er for alle som har spurt meg om bilder allerede! Og for mannen Arild Tendenes, mor og far, Helga og Lars Gaute Bø som har stillt opp med god hjelp!

BRYLLUPSFOTOGRAF
FAMILIEFOTOGRAF
DYREFOTOGRAF

SHB
FOTO

Studio på Vigrestad,
omgitt av nydelig natur!

ta vare på øyeblikkene





MIN OSLO-TUR

Då eg for 2 år sidan vart 80 år, fekk eg eit gåvekort på reis frå Varhaugbuen. Det hadde eg tenkt å bruka i fjor med tur til Island, og så skulle eg herma etter Kjell Arild Pollestad og kalla stykket i bladet for «Mi Islandsferd». Men alle veit koss det var i fjor, så då vart det ingen Islandstur. Så gjekk reisebyrået konkurs, og eg måtte i hu og hast bestilla ein tur føre nyttår, for i det heile å kunna nytta meg av gåvekortet, som varde til april i år. Det såg heller ikkje så «lyst ut i verda» då heller, så eg hadde ikkje peiling kor eg kunne dra. Vel, det ende opp med ei langhelg i Oslo.

Reiebyrået hadde ved bestilling av hotellet fortalt at dette var ei gåve, som skulle feirast. Eg kjenner til at hotell har spandert både frukt og champagne i slike høve, så det gjekk jo an å prøva.

Då me sjekka inn på hotellet, sa resepsjonisten: «Ja, de skal feira ein 80 års dag?» så det var tydeleg ho var oppdatert. Men eg fekk fortalt at dette var ei gåve til dagen. Og etter den «velkomsten» såg eg helst for meg høge glas mm, då me låsa oss inn på romet. Men, nei, der var korkje champagne eller frukt, men ein liten pakke med 4 små sjokoladar og denne helsinga: **«Gratulerer med 80 års dagen. Vennlig hilsen Team Plaza»** Det var til og med teikna ei «kongekrone» på kortet. Då må eg seia me følte oss skikkeleg velkomne!

Me hadde eit fint opphald i ein juniorsuite i 16. etasje på Plaza, og berre ein dag med regn. Og det var den dagen me tok banen opp til Frognerseteren for å besøka «Rose-slottet». Me kjente ikkje til dette på førehand, og trudde det hadde eitkvart med roser å gjera, noko det slett ikkje var. Men sjølv i dette øs-pøs veret vart det ei oppleving. Det vart lite bilde, for Anne Karin måtta halda paraplyen over meg, når

eg skulle fotografera. Eg kjøpte eit hefte om utstillinga, og her kjem litt info:

Roseslottet - et moderne eventyr over Oslo.

Brødrene Vebjørn og Eimund Sand er kunstnerisk ansvarlig for prosjektet. Navnet Rose-slottet er inspirert av den tyske ikke-voldelige motstandsgruppen «den hvite rose». Det var studenter i Munchen som skrev nazistiske løpesedler som ble spredd i Tyskland og Østerrike. De fleste medlemmene av «Den hvite rose» ble arrestert og henrettet i 1943. - Denne kvita rosa, på 3,5 meter, er bare ei av mange flotte skulpturer.

«Alt i roseslottet er håndarbeid der vi har brukt industrimaterialer til å lage «fine art». Maleriene er malt med akrylmaling på plater av PVC skum. Deretter er platene overflatebehandlet med polyuretan, slik at maleriene kan stå ute hele året.»

Det er 37 portrett av menneske som på ymse vis var med i motstandsbevegelsen. Bilda frå krigen var fine og ganske levande, og det var tekst å lesa om kvart bilde.

Rose-slottet vil eg anbefala til andre som skal til Oslo, og ein ting er sikkert; eg skal tilbake dit neste gong eg kjem til storbyen. Men då skal eg sjekka været først!

Elles bruka me god tid med Operabygget og området rundt. Og det var heilt utruleg så flott Oslo kommune hadde fått til det gamle industriområdet mot sjøen. Her var det nå badeplass både for store og små. Til og med badstu kunne ein ta her.

Så om ikkje gåva frå Varhaugbuen vart ei Islandsferd, så vart det ei gild og minnerik Osloferd.

Liv



OLSOK GUDSTENESTA

I mange år har det vore tradisjon med Olsokgudsteneste ved den gamle kyrkjegarden på Varhaug. I år var me heldigare med veret enn i høve fjoråret. Den nye presten på Nærbø, Vidar Sjøiland Pettersen, hadde i god tru laga til 50 program, og rekna med at det var meir enn nok. Men me vart 82, så ein del av oss måtte klara oss utan noko å sjå etter. Folk kom gåande, syklane og køyrande, og heilt frå Tananger kom det folk til Varhaug denne flotte sommarkvelden. Dei fleste hadde med seg stolar, men nokre sat og berre på bakken. (Trur det var første året eg hadde med stol, men så har det heller ikkje vore vanleg for meg å køyra ned.) Eg tykkjer alltid at gudstenesta her nede ved havet er veldig spesiell, og kanskje endå meir til eldre eg vert. Og mens eg sit her og skriv, måtte eg berre finna fram diktet til Elisabeth Reiestad, der ho skriv i siste verset i «Den gamle kyrkjegarden».

Nå ligg det att ein kyrkjegard i still og einsam ro.

Om minner om den tid som var, om kyrkja som der stod.

Men endå ringjer klokka der når einkvan fer til grav,

som ynskte å få kvila her i bårsus frå hav.

Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvennelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Nytt styre :

Leiar:

Asle Haukland, Bedriftsforeninga

Nestleiar:

Gaute Ødemotland, Bondelaget

Sekretær:

Per-Arvid Jakobsen, Misjonshuset

Kasserar:

Brit Obrestad

Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem:

Ole Kristian Ødegård

Bygdeungdomslaget

1. varamedlem:

Ingvar Reiestad

Vennelaget Lerbrekk skule

2. varamann:

Eivind Galtvik

Vennelaget Lennsmannsløå

Redaktør

Liv Hobberstad



FOTO KLUBBEN



Ingunn Auestad (i skogen)



Bjørge Aksnes (i skogen)



Evy Vigre Reime (ved kysten)



Rune Scheie (ved kysten)



Gunnvor Bjorland (i skogen)



Marianne Kristiansen (i skogen)



PÅ GJENGRODDE STIAR

Av og til kjem eg borti mykje rart, når eg «går» litt utanfor vanlege vegar. Slik vart eg merksam på den gamle brua over Tvihaugåna, det som var den vanlege ferdselsvegen frå Rangen til Ånestad i gamle dagar.

Ein idyllisk stad, der grunneigaren til og med har sett opp ein gapahuk, nedanfor brua. Men det er den flotte gamle steinsette brua og det gamle rekkverket, er eg mest oppteken av. Brua er flott, og vel brukanes. Men det hadde sett mykje betre ut, om det gamle rekkverket - som nå berre heng og dinglar

- hadde vorte fiksa. Kanskje er det noko som MTM klubben kunne fått til, i samråd med ein dyktig smed eller liknande?

Ei slik gamal bru er ingeniørkunst av første klasse, og brua er så flott at ho hadde fortent og fått eit skikkeleg gamaldags rekkverk. Men det er ikkje berre å ta seg til rette slik på annan manns eigedom, men Varhaugbuen vil berre spørja eigaren:» Hadde det ikkje vore gildt om me kunne fått dette til?»

Liv

KONSERT

Laurdag 9. oktober kl. 19.00

vert det konsert med Lindesnes
Trekkspelklubb i hallen.

VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mob: 958 28 410 - Fax: 51 43 06 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER
• REPRASJONER



VENNELAGET LERBREKK SKULE

Skjer det snart noko på Lerbrekk? Ja, litt. Den 18. august hadde me besøk av nokre pensjonistar i regi av frivillighetssentralen på Bryne. Det var 15 personar pluss sjåfør (Haga buss) og guide. Dei hadde starta på Bryne og køyrt over Frøyland, Fjermestad, Undheim og Skjæret, og hadde ein stopp hjå Ystepikene på Skrettingland før dei kom til Lerbrekk. Her fekk dei servert kaffi, lefse og gomme. I tillegg hadde me allsong der Brit trødde orgelet, og Sigbjørn fortalde litt om historia til skulen frå 1865 og fram til nå, saman med nokre bileter på skjermen som Brit hadde sett saman. Etterpå skulle dei køyre gjennom Kviamarka, til Lode og forbi Kölerpaviljongen, via Nesheim, Nærland osv. til Bryne der dei skulle ha middag på Sivdamsenteret.

Eit liknande opplegg var innom skulen den 13. juli. Då var det pensjonistar frå Øglænd på Sandnes. Dei hadde heildagstur, så dei hadde meir køyring og eit lenger opplegg. Men også det var i regi av Haga buss. Då hadde Sigbjørn fått med seg Harald Nærland til å trø orgelet sidan Brit var reist på tur.

Sundag 15. august var det ei utstilling. Dette skriv Liv om.

Elles hadde me besøk av nokre frå dagavdelinga på Klokkekarhagen i juni. Litt selskap som barnedåp og runde dagar, men ikkje mykje. Det skal vera nokre konfirmasjonsselskap og barnedåpselskap framover.

Fleire spør om det snart vert sundagskafé. Me hadde styremøte måndag 23. august og diskuterte dette, og kom fram til at me vil prøva litt forsiktig

med sundagskafé sundag 10. oktober og sundag 7. november, kl. 14 - 17. Dette blir berre dersom det ikkje kjem nye innstramingar. Smittevernreglane blir fylgde nøye. Dei som er vertskap vil servera deg det som du ynskjer. Det blir sett opp plakat på Spar og Ekstra når det nærmar seg. Ingen annonse i Jærbladet.

Både Inger, Ingunn og eg tykte det var gildt å vera med og arrangere noko på Lerbrekk att. Mange saknar samkomene på Lerbrekk.

Elles kan nemnast at nå verkar både høgtalar og projektorar. Det er gildt.

Ha ein fin haust.

Brit Obrestad



MALERIUTSTILLING PÅ LERBREKK

Laurdag 15. august hadde Laila Haugstad maleriutstilling på Lerbrekk. Eg såg ein plakat i ramen på Spar, og tenkte at dette burde Varhaugbuen få med seg. Gildt var det og å koma ned igjen på skulen, ganske lenge sidan sist nå.

Laila Haugstad er 26 år og kjem frå garden Prøysen på Vigrestad. Ho har familie både frå Vigrestad og Nærbø, og faren var Geir Kvitvær. Laila arbeidar som kvalitetskontrollør i ei lakkbedrift, og har saman med sambuaren hus i Stokkelandsmarka.

Laila fortel at ho er sjølvlærd malar, starta først med dette i oktober 2019, og kallar seg sjølv ein nybegynnar. Ho er stor fan av Storm Juliussen, og har eit håp om å verta like kjent som han ein gong i tida. Eg tykte det var ganske imponerende det ho hadde fått til på den korte tida, så her er det berre å stå på!

Laila seier ho får mykje inspirasjon frå nettet, og tykkjer det er gildt å mala ting som andre ikkje gjer. Laila er ganske kreativ, så det var ikkje berre maleri ein kunne få kjøpt.

Utstillinga på Lerbrekk var den første ho hadde våga seg på, og den gjekk over all forventning. Det var både godt frammøte og godt sal. Laila skryt av Sigbjørn og servicen ho fekk på Lerbrekk, og seier dette var så gildt at ho kjem nok tilbake ein annan gong.

Var det einkvan som ikkje fekk med seg denne utstillinga, så vert Laila å treffa på Orremessa 22-24. oktober. Elles er ho både på Instagram og Facebook, der de kan bestilla maleri.

Eg takker for drøset, og ynskjer Laila lukke til vidare. Liv



VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

ÆG Æ MÆ ÆG!



Mye har skjedd i det siste og vi håper på mye mer kan skje i den kommende perioden i vårt lokallag. Natt til 14.mai ble det arrangert auksjonsnatt, Der Varhaug og Nærbø Bygdeungdomslag samarbeidet. Det går ut på å få frem et tydelig budskap om at det må gjæras inngrep i landbruks politikken og at noe må skje. Det ble satt opp skilter og banner over hele Norge da dette var noe Norges Bygdeungdomslag arrangerte og det ble mottatt både positivt og negativt da vi fikk veldig god respons på innsatsen var bra og at det var godt at ungdommen også engasjerte seg såpass. Men ikke alt ble like godt mottatt da et banner plutselig forsvant over natten.

Men det BESTE var at i det gode samarbeidet mellom Varhaug og Nærbø at vi vant auksjons prisen får

beste og mest tydeligste budskap (vel og merke var det det bannere som forsvant over natten).

Varhaug Bygdeungdomslag hadde også et årsmøte den 8. august der det ble valgt inn et nytt styre. Vi satser på at det nye styreåret at det blir arrangert mye bra. Det er mange gode planer i sving og vi håper det kan bli mer ettertrakta for bygdas ungdom.

Har du lyst å melde deg inn i Bygdeungdomslaget å bli med på alle dei kjekke aktivitetene og tevlingene som blir arrangert? Gå inn på NBU.no og meld deg inn.

PS: vi mangler 20 medlemmer i Varhaug Bygdeungdomslag får å slå Nærbø, kan ikke la di være mer enn oss.



Det nye styret fra venstre av: Karine Berge(styre medlem), Ole Kristian Ødegård (tevlings leder), Jørgen Tuen(aktivitets leder), Jonas Lea(info leder), Jesper Lerbrekk(leder), Irene Håland(styre medlem), Sondre Malmin(nest leder), Birger Kvía Hobberstad(kasserer).



Denne blide gjengen frå Skrettingen får denne gongen representera menyen.

VISSTE DU DETTE?

Me har ikkje så mange butikkar her på Varhaug, men me har veldig mange stader det går an å få seg varm mat. Eg var ikkje heilt klar over dette, før eg tok til å tenka meg om. Viss eg bestemme meg for ikkje å laga varm mat heime ei heil veke, så kan eg likevel få det på Varhaug. Her er et lite eksempel, og hos alle er det mange rettar å velja mellom. Som om ikkje dette var nok, så er det og noko varmt å finna på Spar.

Måndag: **Bøen**

Tysdag: **Phatthalung Thai**

Onsdag: **Tunet Brukar styrt senter**

Torsdag: **Esso**

Fredag: **Skrettingen**

Lørdag: **Stajons pizza**

Sundag: **Tao Sushi**

(Berre så det er sagt, egfår ikkje % på kjøpa her)
Liv

En alliansebank i eika.

Du blir større i en mindre bank
Vi kjenner nabolaget ditt, bygda di og byen din. Jo bedre vi blir kjent med deg og dine behov, jo bedre kan vi hjelpe deg.

Jærsk business er vår business
Vi tilbyr små og mellomstore næringskunder et bredt og kompetent tilbud. Fire rådgivere vier all tid til landbruket.

Vi støtter og sponser lokalmiljøet
Vi pløyer deler av overskuddet tilbake til ditt nærmiljø, slik at Klepp, Time og Hå blir enda bedre å bo og leve i.

Hvorfor velge Jærens eneste lokalbank?

Du kan'kje drikka kaffi på telefonen
Vi tilbyr ansikt-til-ansikt kontakt med våre rådgivere på et kontor nær deg. Daglige behov fikser du enkelt i mobilbanken vår.

Du får rask respons og treffer fjåge folk
Våre rådgivere kan hjelpe deg med veldig mye. Hos oss møter du mennesker, ikke roboter. Våre medarbeidere bor og virker i lokalmiljøet.

jæren
sparebank

Telefon 915 03290 | www.jaerensparebank.no



VARHAUG BONDELAG

Varhaug bondelag arrangerar årsmøte onsdag 6 oktober kl 19.30. Dette blir vårt fyrste møte på det nye internatet (gamle politikontoret). For å trekkja mykje folk har me i år klart å få med oss Peder Skåre frå Landkreditt Bank. Han skal gi sitt syn på den økonomiske situasjonen i landbruket, kva som kan gjerast for å styrkja økonomien og kva som ikkje er lurt å gjera.

Det blir servering av pizza. Me håpar på godt oppmøte! Alle er inviterte, medlem eller ikkje. Målet er at alle skal bli mette og auka løna si monaleg.

Helsing Styret i Varhaug bondelag.

HÅ HAGELAG

Då er sommaren på hell, men satser på at me får nyta mange fine seinsommar/haustdager enda.

Me starta programmet vårt etter sommerferien med hagevandring hos Liv og Gaute Hegrestad på Nærbø og Anne Gro Rimestad på Steinsland, 2 kjekke og spennande hager med mye inspirasjon.

Etter langt om lenge fekk me i juni avholdt årsmøtet, som egentlig skulle vært avholdt i februar.

Nytt styre i Hå hagelag:

Leiar: May Helen Skrettingland
Nestleiar: Geir Egil Rosland
Sekretær: Liv Synnøve Vagle
Kasserar: Tone Aardal Skeie
Styremedlem: Arna Auestad
Styremedlem: Eivind Siqveland


Program Hå Hagelag

14. oktober - grønsakshage
24. november - lagekveld
9. desember - julamøte
13. januar - balkonghage
10. februar - årsmøte

Alle er velkomne.

Nærmere informasjon blir lagt ut på facebook sida vår når det nærmer seg arrangement. I tillegg vert det sendt mail eller sms til alle medlemmer.

Savner du informasjon ang arrangement i hagelaget, kan det være at me mangler kontaktinformasjonen din? Det er mange medlemmer som det mangler informasjon på i medlemsregisteret. Har du lyst å motta informasjon fra hagelaget er det fint om du sender en sms til May Helen på 92 21 67 57, slik at me får registrert dette i systemet vårt.



Forvirring om innbyggerne i Hå

(Mel. Eg gjette Tulla)

I Hå forvirringen er prekær
for kunnskapen ligger øde.
og brev de sender i hytt og vær,
ja, til og med til de døde.
Men selv i Hå - må de forstå
de døde kan ikke svare,
det måtte Leif dem forklare.

Adressen hennes hvor nå hun bor
for dem var ukjent for tiden,
selv om de visste at Leif sin mor
gikk bort for tretten år siden.
Leif tenkte nå - at gode råd;
kan av og til være dyre,
om man må advokat hyre.

Leif ga kommunen det rette svar:
tenk, himlen er mors adresse.
Men brevadresse hun ikke har,
men er det av interesse:
om jeg når frem - til himlens hjem,
skal mor få kunnskap om brevet
som Hå til henne har skrevet.

Det brevet gjorde kommunen flau,
de viste til direktivet:
at staten avgjør hvem som er dau
og hvem som enn er i live.
Da mange tror, - slik Leif sin mor,
har kommunalt brev i vente
som ikke selv de kan hente!

Tekst: Einar Reime, Varhaug


VARHAUG SKULE

Det skjer utruleg mykje positivt på Varhaug skule. Varhaug skule er i sluttfasen på nytt skulebygg, bibliotek , amfi og kantine. Renovering av bygget frå 1980 med nye vindu, tak og fasade. Etterisolering og nytt tak på gymsal. Oppgradering av store delar av uteområdet med planetarium, trampolinar, «diss-er», sandkasse, hengekøye, leikeapparat, stiar, tre og grønt (sjå tekning under).

Me gler oss utruleg til å starta opp med nytt skuleår med desse fasilitetane. Satsingsområda til skulen dette året er lesing og læringsmiljø.

Med ei så god personalgruppe, kjekke elevar og gode inne og uteareal ligg alt til rette for å lukkast.

Johan Omland, rektor



BASAREN



Siste torsdag i august har bygdekvinnelaget i alle år hatt basar. Eg hadde fått inn mange gevinstar frå firma, som berre mått setjast på lager, for i fjor vart det ikkje basar. Heldigvis var det god plass på Internatet, for det var mange store gevinstar. Men nå har basaren vore, og alt gjekk godt.

Eg vil her på vegne på bygdekvinnelaget fyrst få takka for alle dei fine gevinstane eg kvart får frå næringslivet her. Det hadde ikkje vorte mykje til basar utan dykk! Mange, mange takk for den støtta

de gir til laget og bygda. Eg har lova at eg skal halda fram med å spørja etter gevinstar så lenge eg er oppegåande, så eg håper eg kjem tilbake neste år. Nok ein gong; **mange, mange takk!**

Med det same eg er på «takingå», så må eg og - på vegne av laget - få takka alle som kom på basaren, og ikkje minst; takk til alle som kjøpte lodd. Det vert ikkje mykje basar om de ikkje kjøper lodd. Liv

BILVASK

Få 5 vask til prisen av 3

Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM
5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

KOM OG PRØV VÅR NYE OG TOPP MODERNE VASKE- AUTOMAT

**Varhaug
Servicenter A/S**

Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED



LENSMANNSLØA



UNGDOMSKLUBB

For fyrste gong sidan ungdomsklubben starta i Lensmannsløa, har me hatt ope mest heile året, om me ser vekk frå koronastengte dagar. Me har hatt ope i feriar og ut heile juni! Heile juli har me som tidlegare år hatt ope alle kvardagar på Nærbø, dette året med mange gratis tilbod som turar til Kongeparken, Rush, Fangene på fortet, Paintball, Vitengarden, Hå Gamle Prestegard, Surfing og meir.


Me starta opp igjen klubben i løa allereie 16.august, og det gleda oss å sjå ungdom koma før tida både måndagen og tysdagen. Dei gode lærlingane me hadde i fjor har no fagbrevet på plass, og 3 gode nye er klar til eit spanande klubbår. Livet er godt i løa.

Me håper no at me kan setje i gang med fleire aktivitetar av typen me hadde før korona, og fekk nettopp innvilga 20 000kr frå Frifond til slikt moro. Me håper på open klubb i feriar, julenatt i løa og kanskje meir til.

I sommar fekk me og endeleg på plass diskokule og diskolys oppe. Enkelt å bruke, og skikkeleg fin effekt. Disko vert som regel tysdagar mellom kl.17.00 – 19.45. Me prøver å ha lyden slik at ikkje bileta ramlar ned på veggene hjå dei som er naboar, men skulle de vera nokon som kjenner det vert ringt i deira hus, er det heilt i orden om de tek kontakt med oss. Me vil veldig gjerne at alle som bur rundt ungdomsklubben skal kjenna at det er ok å ha ein klubb i nærleiken.

Konsulent ungdom
Monica C Herredsvela





Studentkafeen	måndagar	kl. 16.00 – 21.00
Lensmannsløa	tysdagar	kl. 14.00 – 20.00
Loen	onsdagar	kl. 17.00 – 21.00
Ogna	torsdagar	kl. 14.15 – 20.00



Det går ikkje så fort og greitt med sentrum, som nok mange kunne tenkt seg. Eg trudde at då eg heldt på med sist nummer var det i alle fall like før, at «restane» etter IT skulle vore vekke. Men det er mest som sist. Konteiner er no komen på plass så nå skjer det vel noko ??

Ein annan ting er dei store betongkassane utanføre Extra. Kvifor er ikkje dei fjerna, eller i det minste: kvifor er det ikkje kome nokre blommar oppi? Hadde håpa at dei som bestemme i den butikken hadde søkt om å få dei fjerna, for det går det an å gjera, og så kunne me fått nokre ekstra parkeringsplasser utanfor bygget.

Men det som folk lure mest på om sentrum, er det gamla handelslaget. Mange var glade då rivinga tok til. Men så vart det stopp! Det synt seg at Steinar hadde selt noko av grunnen som han ikkje åtte. Det er ikkje alt me vanlege folk skal forstå; går det an å selja noko ein ikkje eig?

I det siste har Varhaugbuen fått opplyst at nå er det noko som skjer her; det er forhandlingar og diskusjonar om saka, så kanskje til neste nummer av bladet, har det skjedd noko. Det er berre å vera optimist, og håpa på det beste. Slik det står nå, er det i alle fall ikkje noko god reklame for sentrum av Varhaug.

Liv

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri

Jan Inge Auestad

48 50 97 81

janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no



HUBBEN

Læringsfabrikk

Nå har eit nytt skuleår starta, og det har skjedd ein del nytt på Hubben. Eg var innom ein dag 9. trinnet frå Nærbø var på besøk, der dei både fekk informasjon om HUBBEN i tillegg til å vera med på ymse gruppearbeid.

Det er tilsett to nye på Hubben nå, Jane Helen Jelsa og Henning Stokekland Olsen.

Jane Helen Jelsa, 41 år. Født og oppvokst på Varhaug. Gift med Morten Thunshelle. Mor til to gutter.

(Datter av Harald Jelsa og Jofrid Friestad. Beste-foreldre busett på Varhaug var Ragna og Henrik Olai Jelsa)

Utdanna ergoterapeut, har arbeidd i Hå kommune i mange år. Dei siste åra i skulen. Som ansatt på Varhaug Ungdomsskule blei eg/ho kjend med Hubben og fekk vere med å undervise der første året.

Nå nyansatt i Haugstad møbel frå og med juni 2021, som prosjektleiar for Hubben, saman med Arvid Vigrestad. På Hubben-laget er også Henning Stokkeland Olsen som er ansatt i Hå kommune som prosjektkoordinator.

I løpet av skuleåret 2021/2022 skal alle 9 klassingar i Hå kommune gjennom metoden elevbedrift på Hubben. Her har me tett samarbeid med Ungt entreprenørskap. Me vil også ha andre elevgrupper innom, og håpar på mykje liv og lære i bygget.

Parallelt med elevundervisning, skal også ein nettbutikk for brukte møbler opp å gå i løpet av hausten. Med gjenbruk og bærekraft i fokus, vil møbler som er gode nok for videresalg og møbler som er redesigna selges via denne sida. Sida vil også knyttes opp mot elevbedriftene etterkvart som dei kjem opp å

gå. Sjekk ut www.grunderhubben.no

Er du nysgjerrig? Det planlegges ein open dag i haust for dei som har lyst å koma og sjå korleis me har det.

Henning Stokkeland Olsen er 34 år, opprinneleg frå Lye, men bur nå på Bryne. Han er tilsett som prosjektkoordinator.

Henning har mastergrad i administrasjon og organisasjonsvitenskap frå Universitetet i Bergen og PPU utdanning frå Høgskulen på Vestlandet. Han har arbeidd 6 år som administrativ koordinator/kontorsjef ved Universitetet i Stavanger og 3 år som lærar ved Orre skule. På skulen hadde han mellom anna ansvaret for faget «arbeidslivsfag», og har sjølv erfaring med å nytta elevbedrift som metode med elever der.

Henning meiner Hubben er ein unik mulegheit for å auka samarbeidet mellom utdanning og næringsliv. Han håpar det vil auka motivasjonen hos elevane, og å gjera opplæringa meir relevant og praksisnær.

--

Både Jane og Henning ser fram til spennande dagar saman med elevane, og ikkje minst til og sjå resultatet av elevane sitt engasjement og utforskartrøng.

--

Det er jo veldig vanleg nå for tida at folk kjøper mykje av det dei treng på nett, og i løpet av hausten vil Hubben og vera klar med sin nettbutikk. Varhugbuen ynskjer dei lukke til. Liv

GÅR DET MOT EIN NORMAL KVAR DAG?

Nå har bingoen starta igjen, det same har trimmen, og bygdekvinnelaget har hatt den årlege basaren. (Noko dei ikkje hadde i fjor). Får me nå tilbake ein normal kvardag? Sandeleg ikkje å vita. Når me høyrer på nyheitene, så kjem det ny smitte overalt. Kor lenge skal me ha det slik? Det er nok berre å sprita og vaska hendene og å halda god avstand i lang tid framover endå. Men me er alle temmeleg leie heile denne koronaen nå, men kva kan ein vel gjera? Ingen ting anna enn å fylgja myndighetene sine råd, og håpa at den vaksinen me har fått skal hjelpa oss mot alle desse nye variantane. Kven hadde vel trudd på starten av 2020 at det skulle vara så lenge?

Liv

INTERNATET

Akkurat som sentrum, så trudde eg at denne gongen kunne eg og skriva noko gildt og positivt her. Men det er så mykje om og men, og att og fram med Kartverket, at me er like langt som sist. Nå er det like før me er klar til å flytta inn i det nye hos Rune, men så er ikkje papira i orden. Me kan jo ikkje kjøpa der, før me har fått i orden papira med Fjordkjøkken. Så her er det berre og håpa at dette og er i orden til neste blad. At ting tek tid, det har eg - og fleire med meg - lært nå. Særleg når det kjøp og sal. Så det er ikkje berre kommunen og Steinar som kjem oppi klatt.

Liv

PENSJONISTLAGET

28. september

Ellen Lyster Årslund fortel om Ukraina hjelpen

26. oktober

Tidlegare ambassadør Øyvind Nordsletten fortel frå Russland

Møta er kl. 17.00 i det sosiale romet på Iden.

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

8. november 2021

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Lunsjtreffa i Lennsmannsløa startar opp igjen:

8. september

22. september

13. oktober

27. oktober

10. november

24. novemeber

Astrid Skretting



ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104



4360 VARHAUG





Monica Mørk Aase
Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF
e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård
Eiendomsmegler MNEF
e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



**Bonde
Kompaniet**

Tilhengere

Best-
selger

Tredal varehenger T-85-BRH

Tredals mest solgte henger, utstyrt med ekstra høye karmar, 40 cm. Forlengbart drag. Nyttelast 630 kg. Kassemål 153×197×40 cm. Brems og støttehjul. Karmene kan legges ned.

19 990,-
(21125,-)



Tredal varehenger T-85-BRH har Spirax unike, hydrauliske og dobbeltvirkende fjæringssystem som fanger opp bevegelser både fra lasten og fra veien.



Varhaug, tlf. 51 77 14 70
Mandag –fredag: 8-17, lørdag: 9-14
Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899